

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Aust-Agder.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hornnes.

Emne: Brynet.

Bygdelag:

Oppskr. av: Olaf Hallhovd, lærer h.v.

Gard:

(adresse): Hornnes.

G.nr.

Br.nr.


A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Med merke at svara i mange høve vert nokosa uheile, gjev eg desse svara:

1. Bryne, eit - bryne, å.
2. Naturstein. Finst ikkje i bygda. Kom truleg frå Eitborg, då steinen vel ikkje finst andre stada i Norge.
3. Ja, først sliping og så bryning.
4. I min ungdom vart det fortalt om ei bit, då det nytta bryning med hamar. Men har langt attende den tida lag, veit eg ikkje.
5. Ein slik større stein (ikkje rund) kjemmer eg ikkje til. Utanom ein større slipestein heime hadde ein gjerning på slåttheia ein liten stein, som stod vel brea året rundt. Stikken skreiv seg vanleg frå den første tida slipesteinar kom i bruk, eller nokos seinare.
6. På heieslåttar grutte tjæen seg vanleg dagen ut, allviss når det ikkje var finngras. I tjukkekenge heime laut ein slipa oftare.
7. Utanom brynet nytta dei i eldre tid ei firkanta stikke av eik med rundt hantak.



Namnet var "slipka". Ho vart nytta oftare enn brynet,

2

som berre vart nytta når sterkare kvessing laud til. Dei rek-
na med at ljåen heldt lengere ut med stikka. Far, som var født i
1831 og døydd i 1926, brukte alltid stikka. No er ho ikkje len-
ger i bruk, det eg kjenner til.

8. Folk tok ljåen or orvet når dei slipte. Festegrei-
ene var vanleg ei terreim, som vart trinna rundt orvet og
tjodt av ljåen. I enden av ljåen gjekk ein spiss inn i eit
hol i orvet. Når reima var trinna rundt orvet, vart det
førd sett ei spryfe, heldt av eik, over den nedre enden av
reima, som gjerne var lagt dobbel, og så vart det slepe ei
spryfe mellom reima og orvet frå enden av dette. Då sat
ljåen støtt. - Stukkorv var like i bruk. Då slipte ein
viss vanleg med ljåen ibunden. Eg trur helst dei då
slipte undersida av ljåen med eggen frå seg, men över-
sida motsett.

9. Ein sette orvet i marka, og ljåen frakta dei til
høyre. Dette gjeld langorvsljåen. Bruking av stukorvsljå
har eg ikkje sett, men ventely slutte dei enden av orvet
mot kroppen ei stat.

10. Brynet bar dei vanleg i bukseleomma, men stikka
feste dei viss gjerne ved ^{ho} små vitzjupemningar i bukseene.

11. Nev.

12. Fell bort.

13. Dersom det ikkje var vatn i norleiken, sprutte ein
gjærne på brynet. Serly i heimeslåtten bar sume ein liten
kopp vatn med seg. På stikka strøtte dei av og til fin sand.

14-16. Kjennar ikkje til det.

17. Eg høyrde tale om at brynet skulle verte bebro
ved å ligge ei tid i jorda.

18-20. Ukjent.